



Fleire veteranar blant kommunepolitikarane blir truleg ikkje å se i det nye kommunestyret. Ein av dei er uskedelingen Torfinn Myklebust, som her er på talarstolen i det siste kommunestyremøtet torsdag. Riktignok er han å finna på Innbyggjarpartiet si liste, men trur ikkje at han der har nokon sjanse til å klatra høgt nok. . (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei ny oppteljing fortel at det er 38 uskedelingar på 10 av dei 11 kommunevallistene. Tre av dei er kumulerte og dermed sikre på å bli innvalde. Dei er Gunn Mari Moberg frå Høgre , Jostein Grov frå SV og Tove Lill Lakselv frå Framstegspartiet.

Det store spørsmålet er så kor mange av dei ukumulerte som kan komma gjennom nålauget og bli folkevalde i neste periode. Det er det veljarane som avgjer.

Tradisjonelt er Uskedalen mellom bygdene i Kvinnherad med den dårlegaste valprosenten , faktisk under 60. Blir det ein framgang i så måte i år?

Venstre har klart flest uskedelingar på lista si med 11. Høgre har fem, SV fire og fleire har tre. Berre Raud Valallianse er utan uskedelingar på lista.

Konkurransen om plassane er skjerpa denne gongen, for talet på kommunestyrerepresentantar er redusert frå 45 til 35.

Dette er uskedelingane på listene:

- Knut Sjøwall frå Arbeidarpartiet
- Tove Lill Lakselv (kumulert), Alf Kristiansen og Jan Morten Snilstveit frå Framstegspartiet.

- Gunn Mari Moberg (kumulert), Jeanette G. Guddal, Tor Vidar Sæle, Steinar Kroka og Knut A.S. Eidsvik frå Høgre.
- Torfinn Myklebust, Mette Bendiksen og Kurt M. Haugland frå Innbyggjarpartiet.
- Leonard Eik, Selma Eik og Hilmar Haugland frå Kristeleg Folkeparti.
- Elin Legland, Tor Jarle Kjærland og Harald Snilstveit frå Senterpartiet.
- Jostein Grov (kumulert), Heidi Pile, Øyvind Sture og Magni Traavik frå Sosialistisk Venstreparti.
- Olav H. Bringedal, Gunnar Leite og Kåre Kristoffersen frå Tverrpolitisk Samlingsliste.
- Eva R. Ljosnes og Annlaug Rød frå Uavhengig Sentrum.
- Bjarne Lilleås, Kjell Yri, Reidar Myklebust, Brit Hjetland, Brit Halleråker, Bård H. Grov, Kristian O. Bringedal, Ole Kristoffer Vågen, Einar Gjertsen, Bjørgulv Eik og Sigvald Eik frå Venstre.

Av Ola Matti Mathisen